


## Kjernefrukt

### Utvikling

Mange beskjærer trea ferdige i ein operasjon, mens andre deler opp arbeidet. Har ein delt opp arbeidet er det no enklare å sjå forskjell på blomsterknoppar som ein vil bevare og bladknoppar. Årsskott ein var i tvil om ein skulle ha igjen er det lettare å ta bort no.



*Discovery så vidt i gang med knoppbryting på austlandet.*



*Selje i åkerkanten er bra tiltak for ville pollinatorar. Trass kald vårvind og kuldegrader på natta var det jordhumler andre insekt på plass i matfatet oppi seljetreet.*

### Vårarbeid

Beskjæring har hovudfokus i dei fleste felt fram mot påske. Utviklinga går seint, så det er fremdeles tid å få gjort det nødvendige arbeidet. Etter beskjæring må

greinfjerning eller knusing ta til. Frukttrekreft og andre smittsomme sjukdommar må ut av feltet for brenning. Kosting av gammalt lauv og kvistar frå beskjæringa er også eit godt forebyggjande tiltak mot epleskurv og andre soppsjukommar. Rotskott som ikkje er klipt vekk kan være aktuelt å gå over ein runde å ta no i forbindelse med kvistfjerning.

## Gjødsling

Gjødsling kan også ta til no om det er kjørbart. Organisk gjødsel brukar lengre tid på å bli plantetilgjengeleg enn kunstgjødsel. Pelletert gjødsel bør fresast ned i jorda etter spreining. Spesielt viktig er det i dei gjødselprodukta som har proteinmel som eigentleg er blod frå slakt, som lett tiltrekkjer seg glupske fuglar som et opp gjødsla.



Bilete 1: radgjødsling er mest aktuelt. Legg gjødsla i ein meters breidde rundt trehalsen. Fresing etterpå.

## Koppar – Nordox 75 WG

Så snart beskjæring er ferdig og kvisten er fjerna, må det sprøytes med kobberpreparatet Nordox. Nordox 75 WG har maksimalmengde pr år på 400 g pr daa. Fordel denne dosen på vår og haust. Ei sprøyting med 100 g/daa kan være høveleg no på våren. Blir våren langstrekt kan ein gjenta dette etterpå. Det er då igjen 200 g/daa som kan brukast i forbindelse med bladfall på hausten.

## Nordox framover

Vi kan bruke Nordox fram til tett klyngjestadiet. Etter dette er det fare for skade på bladverk og blomsteranlegg. Reduserte doser som innblanding med Thiovit Jet går derimot greitt og er å anbefale. Bruk då 15 g/daa Nordox 75 WG i lag med 300 g/daa Thiovit Jet.

## RIMpro - epleskurvvarsling

Grøn spiss i Gravenstein/Summerred er meldt inn på vestlandet, mens vi fremedeles er komme for kort på austlandet. Alle stasjonane for RIMpro finner ein her:

<https://www.vips-landbruk.no/information/12/#RimproEpleskurv>

## Mills tabell

### Varsler (5)

Sorter etter:  Målestasjon  Skadegjører  Modell

Balestrand, Eple, Epleskurv, <a href="#">Epleskurvmodell</a> ★						
-	-	-	-	-	-	-
04-03	04-04	04-05	04-06	04-07	04-08	04-09
Ljøsne, Eple, Epleskurv, <a href="#">Epleskurvmodell</a> ★						
-	-	-	-	-	-	-
04-03	04-04	04-05	04-06	04-07	04-08	04-09
Njøs, Eple, Epleskurv, <a href="#">Epleskurvmodell</a> ★						
-	-	-	-	-	-	-
04-03	04-04	04-05	04-06	04-07	04-08	04-09
Ornes, Eple, Epleskurv, <a href="#">Epleskurvmodell</a> ★						
-	-	-	-	-	-	-
04-03	04-04	04-05	04-06	04-07	04-08	04-09
Slingsa, Eple, Epleskurv, <a href="#">Epleskurvmodell</a> ★						

*Bilete: viser skjermbilde frå VIPS. Raud boks betyr fare for skurvinfeksjon, gul er på veg til fare og grønt er ingen fare. Brukar ein RIMpro vil denne fange opp at det er lite modne sporar og dermed ikkje gi farleg varsel i samme periode for Ornes.*

Vær oppmerksom på at varslinga ein finn på framsida på vips-landbruk er henta frå nye Mills tabell. Mills tabell har ikkje den samene oppfatninga kring sporelager og kastetidspunkt. Varsla her vil dermed være hyppigare og ikkje alltid være dei rette. Lær deg å bruke RIMpro.

## Fibro mot egg

Førebyggjande vårsprøyting mot lus/frukttremidd ved bruk av olje og såpe eller FIBRO bør vera obligatorisk i økologisk dyrking. Dette då lus ellers kan gjera omfattande skade på avling og tre, då særskilt nyplantning er utsett. Rett tidspunkt for sprøyting er ved knoppsprøyting og/eller musøyre stadiet. Olja i preparata vil då legga seg som ei hinne rundt evt. egg og kvela dei.

**Bladlus** tek tidleg til å klekkje. Det kan hende dei alt har starta klekking og då er sprøytinga for seint ute. Bruk 3 liter vegetabilsk olje i lag med 0,5 liter grønsåpe pr daa.

**Fruktremidd** har nok ikkje starta klekkinga endå. Blir det varmare i veret blir det nok aktuelt med bekjemping kring musøyrestadiet. Følg med på utviklinga i eigen hage. Brukt 2,25 liter Fibro pr daa. Eller bland til olje og såpe som under bladlusegg.

### **Gallmidd**

Har ein tidlegare år hatt mykje gallmidd er det no den kan bekjempast. Når våren kjem vil gallmidden krype ute av knoppskjella og gå inn i blada. Thiovit Jet vil hindre dette og angrepet kan reduserast. Bruk 300 g pr daa Thiovit Jet. Thiovit Jet fungerer også forebyggande mot mjøldogg.

### **Ugras**

Uansett driftsmåte er det viktig å hindre ugraset å konkurrere med frukttræa. Har ein jorddekke er det fint å reparere holl i plasten eller andre forhold som gjer at dekkinga ikkje er optimal. Ved bruk av fresing kan ein ta til med dette no. Mykje ugras er smått og enkelt å fjerne no. På våren vil tallerken eller skålharv fingere best om ugraset ligg som eit gammalt teppe frå i fjor. Manglar det jord inntil træa vil desse reiskapane være til stor hjelp for å få dekke røtene. Pass på å frese når jorda er lagleg og ikkje for våt.

